

Saksbehandler: Gro Anita Fønnes Flaten
gaf@hib.no 55587519

Vår dato: 26.09.2007
Dykkar dato:

Vår ref. 2007/2174 - 0/661
Dykkar ref.:

Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 Oslo
postmottak@nhd.dep.no

Innspel til regjeringa sitt arbeid med den nye innovasjonsmeldinga

Høgskolen i Bergen takkar for invitasjon og spelar inn følgjande synspunkt på rapporten "Gjennomgang av virkemidler for kommersialisering av forskningsresultater" av Einar Rasmussen, Roger Sørheim og Øystein Widding.

Rapporten er oversiktleg og tek føre seg viktige sider ved arbeidet med kommersialisering av forskningsresultat.

Ved Høgskolen i Bergen er teknologi, miljø og nyskaping eitt av kjerneområda for den faglege verksemda. Som ein del av satsinga vart Senter for nyskaping etablert under Avdeling for ingeniørutdanning i 2006. Senteret skal vere eit kompetansesenter innanfor nyskaping og entreprenørskap for både høgskolen, næringslivet og samfunnet elles og bidra til at høgskolen blir ein synleg og reell aktør i nærings- og samfunnslivet i regionen. Bergen Teknologioverføring er ein av våre samarbeidspartnarar.

I rapporten vert dei ulike aktørane innanfor feltet omtala. Høgskolen i Bergen fell inn under kap. "5.3 Høgskolene". I dette avsnittet vert det framheva at høgskular med ingeniørutdanning er dei mest aktive i arbeidet med kommersialisering. Samla produserer høgskulane i underkant av 10% av den totale patenteringa som er det ein kan forvente utifrå den totale forskingsløyvinga som tilfell høgskulane. Samanheld ein denne informasjonen betyr dette at nokre høgskular med ingeniørutdanning spelar ein svært viktig rolle, det er viktig å poengtere. Høgskulane i Narvik og Sør-Trøndelag er nemnde som døme, kan hende er det andre som også burde vore omtala her.


Kjeldene er viktige i arbeidet med ein slik rapport, ingen ved Høgskolen i Bergen eller Senter for nyskaping vart intervjuet sjølv om Høgskolen i Bergen er ein viktig aktør med omsyn på nyskaping i regionen. Mellom anna administrerer Høgskolen i Bergen og Senter for nyskaping prosjektet "Nyskapingskompetanse" eit regionalt samarbeid mellom Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen og Norges Handelshøyskole, der institusjonane samarbeider om å tilretteleggje for et heilskapeleg utdanningstilbod innanfor nyskaping og entreprenørskap. Utdanningstilbodet er samla i nettportalen

"Nyskapingsparken". Høgskolen i Bergen har også sekretariatsfunksjonen for ekspertsenteret NCE Subsea som er eit samarbeid mellom ei lang rekkje samfunns- og næringsaktørar i Hordaland innan for undervassteknologi. I tillegg til dette driv høgskulen sin eigen inkubator.

Programmet "Virkemidler for regional FoU og innovasjon" (VRI) er ei særskilt satsing på forskning og innovasjon i norske regionar frå Forskningsrådet. Programmet skal bidra til auka innovasjon og verdiskaping i regionalt næringsliv. Dette skal skje ved å stimulere til auka samhandling mellom FoU-institusjonar, bedrifter og regionale styresmakter. Det er viktig at programmet fungerer som brubyggjar mellom næringsliv og kompetanseinstitusjonar og at midlar herifrå vert nytta til å byggje opp forskingskompetansen ved dei statlege høgskulane. Skal dette vere mogeleg må løyvingane til dette programmet aukast.

Høgskolen i Bergen sluttar seg til anbefalingane i rapporten. Det er særskilt viktig at ein arbeider med å tydeleggjere samanhengen mellom dei ulike offentlege verkemidla og definere klare roller mellom dei ulike kommersialiseringsaktørane (jamfør anbefaling 7 og 8).

Med helsing


Eli Bergsvik
rektor


Nils Mæhle
høgskoledirektør

Kopi: Avdeling for ingeniørutdanning